



KOPI

Oppmåling - Teknisk forvaltning Radøy kommune

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/833 - 19/15968

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:

05.11.2019

Delingssak Gbnr 45/231 Manger - ny grunneigedom for nettstasjon- delingsløyve

Delegasjonssak nr.: 293/2019

viser til søknad motteke 11.04.2019.

Saksutgreiing:

Heimelsavar

Rune Ulvatn

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom, tomt for ny nettstasjon. Arealet er oppgjeve til å vera om lag 28m².

Planstatus

Eigedomen ligg innanfor godkjent reguleringsplan for Manger industriområde Kjebogen, planid 12602015000200.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Handsaming etter jordlova

Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

gjennom godkjent reguleringsplan.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Det er ikkje avdekkta tilhøve om auka risiko for naturskade.

VURDERING

Det er skrive makebyteavtale mellom eigar av gbnr.45 10 og 45/231. Den omsøkte parsellen ligg i dag på gbnr 45/231. Denne delen av 45/231 skal arealoverførast til 45/10. Det er gjeve delingsløyve til arealoverføringa i sak 17/1935 den 22.11.2017. Oppmålingsforretning er halden, men saka er ikkje slutført då det ikkje er rydda i alle tinglyste hefte, jfr. matrikkellova §15.

Ein finn likevel å kunne gje løyve til omsøkt deling då nettstasjonen allereie er bygd og begge aktuelle eigarar er kjent med tiltaket.

Reguleringsføresegnene 2.1.3 tillèt bygging av nettstasjon/ trafostasjon innanfor område BI og søknaden er soleis i tråd med reguleringsplanen.

Tiltaket var ved mottak ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Mangelbrev vart sendt ut 23.04.2019. Nabovarsling er gjort i ettertid og sakshandsamar fekk 04.11.2019 melding om at nabovarsling var gjort med mottak av omtalt merknad.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til deling av grunneigedommen gbnr 45/231, slik det er beskrive i søknad av 10.04.2017.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova § 33

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.3	Deling i samsvar med arealføremål, men a) Der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan	1	5 900
	Totalt gebyr å betale		5 900

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Oppmåling - Teknisk forvaltning			
Radøy kommune			
Radøygruppen AS	Vetåsvegen 181	5938	SÆBØVÅGEN

Mottakere:

Rune Ulvatn	Radøyvegen 1539	5936	MANGER
-------------	-----------------	------	--------